



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1593 - 18/8686

Saksbehandlar:
Einar Færø
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:
01.06.2018

Gbnr 45/1/54 og 45/1/45 og 45/79 Manger - Turløype etappe 2 - dispensasjon frå byggjegrænse mot veg

Delegasjonssak nr.: 136/2018

Me viser til dykkar søknad om tilbygg til bustad. Tiltaket krev dispensasjon frå avstandskravet mot veg.

Det fylgjer av pbl § 29-4 første ledd andre punktum at kommunane skal påsjå at veglovas bestemmelser om byggjegrænse og friskt vert følgd. I dette ligg det at før kommunen gjev tillatelse til byggverket sin plassering må kommunen sjå til at løyve ikkje vil vera i strid med veglova sine bestemmelser. Pbl § 29-4 gjev altså kommunen heimel til å avslå søknaden dersom vegmynda ikkje gjev tillatelse etter veglova.

Tiltaket det her vert søkt om ligg til ein middels trafikkert veg. Området er regulert men det er ikkje sett byggjegrænse mot veg og avstanden til vegmidte skal då vera 15 meter som bestemt i veglova 29, andre ledd.

Omsøkte tiltak er ikkje noko byggverk som hindrar eller forringar eksisterende siktliner på den kommunale vegen. Samstundes kan turvegen vera til føremon for gåande som vil kunne gå fritt og uhindra frå all biltrafikk.

Vegmynda godkjenner difor plassering av tiltaket slik søkt om.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk drift Einar Færø.

Med helsing

Einar Færø
Leiar teknisk drift

Einar Færø

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN